

Vegetasjon

Vegetasjonen er sentral for gravplassen som stad for gravferd, handtering av sorg og som samfunnet sin felles minnestad. Vegetasjonen har historisk verdi både som landskapsarkitektur (grønstruktur) og sjølve plantematerialet. Variert vegetasjon gir eit større biologisk mangfald. Gravplassar med rik vegetasjon er òg viktige som rekreasjonsområde i byer og tettstader. Natur, både flora og fauna, har ein positiv effekt på den psykiske helsa vår. Vegetasjonen er levande og endrar seg over tid. Han har årstidsvariasjonar og er eit meiningsfullt bilete på livets gang.

Prosjektet «Egnet jord til kistegravlegging» har dessutan peika på at vegetasjon har ein positiv effekt på nedbryting av gravinnhald i kistegraver.

Vegetasjon på gravplass er samansett:

- Tre, til dømes ein trekrans , alléar, trerekker og solitærtre (tre som står åleine)
- Buskar, til dømes innhegning (i kombinasjon med gjerde), hekkar (rominndelar), frittstående buskar og busk-felt
- Staudar, pryddgras, sommarblomar og dekke som gras og blomstereng.



Nygård kirkegård, Bergen. Foto: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Råd og rettleiing

- Tre og buskar bør i størst mogleg grad takast vare på. Dette er særleg viktig der tre og buskar inngår i den opphavelige gravplassplanen og/eller der dei er viktige for den visuelle heilskapen og karakteren til gravplassen.
- Tre som ein ynskjer å felle, bør undersøkast av fagfolk (arborist/ trepleiar) før ein tek stilling til kva ein skal gjere med dei. Dersom det er mogleg å skjere eller på anna måte sikre dei, vil det som oftast vere ei betre løysing enn felling.
- Dersom treet eller trea var ein del av den opphavelige gravplassplanen eller er viktige for gravplassens visuelle heilskap og karakter, men må fellast av omsyn til tryggleik, bør ein plante nye tre på den same staden. Trea bør vere av same type eller tilsvarande.
- Opphavelig gravplassplan (planteplan) bør leggjast til grunn for planlegging av ny vegetasjon. Der det ikkje finns nokon opphavelig plan eller det er behov for å endre den opphavelige planen, rår vi til å lage ein ny planteplan. Planteplanen er ein del av gravplassplanen, statsforvaltaren skal godkjenne planteplanen dersom han fører til ein vesentleg endring av gravplassen.
- Vegetasjonen er viktig for gravplassen og han skal stå der i mange tiår framover, det er difor viktig å tenke heilskapleg og langsiktig. Vegetasjonen bør vere innanfor anbefalt klimasone (H1- H8). Kart med klimasoner ligg på Hageselskapet si nettside, sjå: <https://hageselskapet.no/hagestoff/praktisk/klimasonekart-1>. Ein bør plante med tilrådt planteavstand. Ved avvik må ein ha ei gjennomtenkt haldning til kvifor ein ikkje følgjer råda.
- Planting av vegetasjon må ikkje bidra til utilsikta spreiding av artar som står på framand arts-lista til Artsdatabanken.
- Vegetasjonen må vere allergivennleg og ta vare på krava til universell utforming.
- Vegetasjonen bør vere egna til føremålet, til dømes at tre langs ein gravplassveg, er høgstamma. Ny vegetasjonen bør kunne gå inn som ein naturleg del av den visuelle heilskapen og karakteren til gravplassen.
- Vegetasjonen må plantast med god nok avstand til graver, vegar, bygningar, murar og andre konstruksjonar på gravplassen. Omsynet gjeld både til rotsone, stamme og krone.

Gravplassen skal ein halde i hevd og forvalte med slik orden og vørndnad som eigenarten legg til grunn.

Når må ein søke statsforvaltaren?

Om tiltaket er av ein slik karakter eller storleik at det vil endre gravplassen sin eigenart, eller tilhøva for dei som vitjar han, vil det vere ein vesentleg endring som ein må søke statsforvaltaren om, sjå gravplassloven § 4. Døme på dette kan vere fjerning av karakterdannande vegetasjon som alléar, store enkelttre og romdannande vegetasjon. Ny planteplan for heile gravplassen vil vere ei vesentleg endring dersom han fører til endring av karakteren til gravplassen.

Er tiltaket søknadspliktig etter andre lovar eller føresegner?

Ver merksam på at nokre tiltak kan vera søknadspliktige etter andre lovar eller føresegner, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova eller kyrkjeordninga for Den norske kyrkja. Ta kontakt med den aktuelle instansen for å avklare dette.

Referansedokument

- Gravplasslova
- Gravplassforskrifta
- Rundskriv Q-06/2020 *Forvaltning av kyrkje, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø* (Utgitt av Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet).
- Riksantikvaren si rettleiing [Grøntanlegg – kulturminner i vekst](#)
- Norsk Standard NS 11005:2011 - Universell utforming av opparbeidete uteområder.
- NIBIO-rapport, vol. 8, nr. 97, 2022: *Egnet jord til kistegravlegging*.
- Statsforvaltaren sine temanotat «Råd og rettleiing»



Statsforvalteren i Vestfold og Telemark

Januar 2023